

Saksprotokoll i Kultur- og ressursutvalet - 02.06.2015

Marianne S Bjørøy (A) sett fram slikt forslag til vedtak:

«Siste ledd i 2. setning i pkt. 1 og negative konsekvensar med bruk av dagline strykes.»

Røysting

Bjørøy sitt endringsforslag til pkt.1 vart vedteke mot 2 røyster (MDG) for fylkesrådmannen sitt forslag som fall.

Fylkesrådmannen sitt forslag til pkt.2, 3 og 4 vart samrøystes vedtekne.

Vedtak

1.	Fylkeskommunen står i hovudsak opp om Statens vegvesen si tilråding av trase mellom Fikse - Mo (ØA-T-b). Det er likevel ønskjeleg å peika på potensiale for funn av kulturminne i dette område.
2.	For strekninga Mo – Bakke (ØB-I-bab) rår vi frå kort tunnell ved Hushaug med bakgrunn i kulturminneverdiar. For dette delstrekket anbefalar Fylkesrådmannen alternativet med lengre tunell (ØB-I-bc). Dette er også i samsvar med vurderingar i konsekvensutgreiinga.
3.	Fylkeskommunen ber om at føresegnehene til planen vert endra slik at viktige element som gjeld landskapsbilete, estetikk og landskapsinngrep ved deponering av overskotsmasse vert gjort juridisk bindande gjennom føresegn og ikkje berre vert tatt opp i retningslinene til planen..
4.	Ein reguleringsplan vil måtte ta omsyn til kjende kulturminne. Aktuelle vegtraséar har potensiale for funn av automatisk freda kulturminne på land og i sjø, og §9 i kulturminnelova må oppfyllast i samband med reguleringsplan.